

## Faktor 8: Fleksibilitetsvilje

Kor villig medarbeidaren er til å vera fleksibel på jobb og tilpasse sin måte å jobbe på til nye behov og krav.

Krav til korleis jobben skal utførast endrar seg stadig som fylgje av ny teknologi, nye pålegg og krav frå politikarar og myndigheiter, omorganiseringar og nye ynskjer og behov blant brukarane. Nokon oppgåver kan falle bort og nye kan oppstå. Det er difor viktig at medarbeidarar er villige til å tilpasse sin måte å jobbe på og eventuelt også ta på seg nye oppgåver når det er naudsynt.

Medarbeidarar som er fleksible har eit betre grunnlag for å bruke kompetansen sin og bidra til å levere gode tenester til kvar einiskild brukar. Medarbeidarar som er nyttemotiverte (prososialt motiverte) og har høg meistringstru er ofte mest villige til å vera fleksible. Meistringsorientert leiing og eit godt meistringsklima er spesielt viktig for å skape høgare vilje til fleksibilitet. Sjølvstende har også relativt stor tyding.



Døme på påstand i undersøkinga (måleindikator):

«Eg er villig til å gjera ting på ein anna måte enn eg pleier, om leiaren min ynskjer det»

### Påstandar til refleksjon for leiar og medarbeidar:

| God leiing – kva vil du forsterke? |   | Godt medarbeidarskap – kva vil du forsterke? |  |
|------------------------------------|---|--|--|
| 1.                                 | Eg legg til rette for at me saman analyserer endringar og drøftar kva konsekvensar dette må få for oss.   | 1.   | Eg deltar aktivt når me analyserer utfordringar me står ovanfor og korleis me treng å endre oss.   |
| 2.                                 | Eg oppmuntrar alle til å kome med idear om korleis me kan forbetre våre arbeidsmåtar og vår organisasjon.   | 2.   | Eg tenkjer at min jobb heile tiden må endrast fordi brukaranes behov, politiske mål, nasjonale krav, teknologi mm. heile tida er i endring. Eg prøvar å utvikle idear for å møte desse endringane. |
| 3.                                 | Eg tenkjer at min jobb heile tiden må endrast fordi brukaranes behov, politiske mål, nasjonale krav, teknologi mm. heile tiden er i endring. Eg prøvar å utvikle idear for å møte desse endringane. | 3.   | Eg bidreg til vidareutvikling av min eigen jobb og vår organisasjon.   |
| 4.                                 | Eg må vera ein rollemodell som leiar og vise fleksibilitet ift. oppgåver, arbeidsmåtar, ansvarsfordeling, og vise at eg jobbar med å utvikle mi leiing.   | 4.   |  |